SSR - SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

# ÅRSMELDING 2012



Saman tek vi vare på ressursane

SSR




# INNHALD


| | |
|---|---|
| Endring i hentefrekvens | 4 |
| Viktige hendingar | 7 |
| Framtida skal med! | 8 |
| Eigarmelding | 14 |
| Styrets årsmelding og rekneskap | 16 |
| Revisors beretning | 27 |

# Endring av hentefrekvens-grønedunken

## Korleis gjekk det eigentleg?

SSR er ei grøn bedrift og ønskjer å vere med å leggje til rette for ei positiv utvikling for både abonnentar og miljø. Frå 1. januar 2012 starta SSR med henting av restavfall kvar 2. veke.

SSR sitt standardabonnement er no henting av både papir, plastemballasje og restavfall på same dag, annankvar veke. Bakgrunnen for endringa var samansatt. Både miljø, effektivitet og økonomi er viktige årsaker til endringa.

Når det gjeld miljø har overgangen til 14. dagars henting ført til at vi køyrer færre kilometer og har med dette lågare utslepp frå renovasjonsbilane enn tidlegare. Det har også ført til meir kjeldesortering i heimane noko som gir større grad av gjenvinning.

Når det gjeld økonomi og effektivitet fører omlegginga til lågare transportkostnadar og behov for mindre personell. SSR ønskjer å sikre ei forsvarleg gebyrutvikling i åra som kjem og denne omlegginga er avgjerande for å lukkast med dette.





Omlegginga til 14. dagars henting skapte nokre diskusjonar på førehand og selskapet møtte skepsis frå enkelte. På den andre sida var det dei som gav klart uttrykk for at dei var nøgde med endringa og at selskapet var på veg i rett retning.

Når ein ser på utviklinga av avfallsmengda ser ein at omlegginga har ført til reduksjon i restavfallet og ei auke i sorteringa av dei ulike avfallstypane, spesielt glas –og metallemballasje. Vi ser ein reduksjon i restavfallet frå hushaldningane på ca 12%. I 2011 vart det levert 4200 tonn restavfall til Grautneset i Ålesund medan det i 2012 vart levert ca 3600 tonn.

Når det gjeld utvikling i mengda av andre avfallstyper er det spesielt glas- og metallemballasje som skil seg ut. Det blei i 2012 levert inn ca 115% meir glas- og metallemballasje samanlikna med 2011. Dette er ei svært gledeleg utvikling. Ein anna avfallstype som har hatt ein stor auke er hageavfall. Denne avfallstypen utgjer no over 40% av den totale mengda avfall får hushaldningane i SSR-kommunane.

SSR starta opp igjen med innsamling av plastemballasje hausten 2011 og i ei spørjeundersøking som vart gjennomført sommaren 2012 svarte 9 av 10 abonnentar at dei har sortert og levert plastemballasje til innsamlingsordninga. Papp- og papirmengda held seg framleis høgt med 59 kg per innbyggjar i gjennomsnitt.

Når det gjeld dei abonnentane som hadde behov for større dunk for restavfall etter omlegginga har dei fått tilbod om dette mot eit tillegg i prisen. På førehand anslo leiinga utifrå erfaringstal at ca 15% av abonnentane ville ha behov for større dunk. Etter eit år er det ca 8 % av abonnentane som har nytta tilbodet om større dunk.

Det er også nokre abonnentar som vel å ha redusert abonnement, det vil seie henting kvar 4. veke. Dette utgjer ca 5 % av abonnentane.

Alt i alt må ein kunne seie at endringa i hentefrekvens har vore vellukka. SSR har motteke få klagar i samband med overgangen og den nye ordninga gir rett retning vidare både med omsyn til miljøet og storleiken på gebyret.

– Saman tek vi vare på ressursane.



Einar Heimdal, dagleg leiar







# Den beste hage-jorda lagar du sjølv!

Ein stor del av avfallet som hamnar i restavfallet er organisk materiale (30%). Av dette avfallet kan du få eit verdifullt gjødsel og jordforbetringsmiddel som du kan bruke i din eigen hage. I ein større samanheng er du med å skape eit betre miljø fordi avfallsmengda til sluttbehandling blir redusert. Alle som har hage og plass til ein kompostbinge, og som kan gjere nytte av den ferdige komposten, kan heimekompostere. Eit års kjøkkenavfall frå ein gjennomsnittleg husstand blir til rundt 100-200 liter ferdig kompost når det er blanda med litt hageavfall.

Heimekompostering er materialgjenvinning på naturens premiss. I naturen er det ein stadig resirkulering av organisk materiale. Lauvet som fell om hausten gjev liv til ei mengde mikroorganismar (bakteriar og sopp) I sin tur døyr desse organismane og næring vert frigjort til ny plantevekst. Det same skjer i kompost. Mikroorganismane omdannar avfallet til verdifull og nyttig humus.

Det er fleire målsettingar som ligg til grunn for å innføre ei ordning med heimekompostering. SSR ønskjer å gje eit breiare tilbod til abonnentane og der igjennom auke kundetilfredsheita. Det er mange av abonnentane som ønskjer å vere miljøbevisste og bidra med det dei kan, SSR skal vere ein samarbeidspartnar i dette. SSR skal leggje til rette for å redusere mengda avfall som går til forbrenning (restavfall) og auke delen av avfallet som går til gjenvinning(kompost) i tråd med nasjonale mål på området.

Frå 2013 kan dei abonnentane som ønskjer det vere med i ordninga for heimekompostering. I løpet av året vil det bli arrangert kurs i heimekompostering og alle som ønskjer å vere med i ordninga må skrive avtale med SSR. Dei som er med i ordninga får eit fråtrekk på renovasjonsgebyret på kr 500,- per år.






# Viktige hendingar for selskapet 2012

- Frå årsskiftet vart opningstidene på alle miljøstasjonane utvida for å betre servicen til kundane våre.
- Kundane fekk for første gong utdelt ein kjeldesorteringskalender med nyttig informasjon om avfallsordninga. 7 av 10 svarar at det har nytta kalenderen. Av dei som nyttar kalenderen er 80% fornøgd med informasjonen i kalenderen. Som ein følgje av desse tilbakemeldingane er det også delt ut kalender for 2013.
- Open dag vart arrangert 14. april 2012 i samband med den nasjonale kampanjen i regi av Avfall Norge. Ca. 200 personar besøkte miljøstasjonen i Ulsteinvik denne dagen. Arrangementet fekk positiv omtale i media og fungerte som ein positiv omdømebyggjar for SSR.
- SSR var initiativtakar for strandryddeaksjonen som vart arrangert i perioden 16. april -7. mai 2012. 9 tonn marint avfall vart samla inn og over 10 kilometer strandlinje vart rydda.
- I september lanserte SSR ny nettside med eit meir brukarvennleg og innbydande design.
- Frå veke 2 i 2012 vart hentefrekvensen for restavfall endra. Restavfallet blir no henta kvar 2. veke.
- Aktiviteten på det manuelle sorteringsbandet som har vore i drift sidan 90-tallet blei avslutta hausten 2012.
- Hausten 2012 delte SSR ut sekker for ekstra restavfall og bioposar til alle abonnentane. Sekkane er oransje og gjeld for 2013.
- Våren 2012 fekk vi to nye renovasjonsbilar på plass av typen Scania.
- 3 miljøbevisste abonnentar har vunne kr 10 000,- i returkartonglotteriet i løpet av 2012.

**SSR har i løpet av 2012 snakka med ca 100 framandspråklege om avfall og ressursar**

# Framtida skal med!

Barn av i dag vil sannsynlegvis oppleve eit annleis samfunn enn det vi har i dag når dei blir vaksne. I den visjonen ligg det også eit ønskje om av vi skal gå frå å snakke om avfall til å snakke om ressursar. Kanskje vi i 2035 ser på ordet avfall som eit framandord, og at det er ressursane i avfallet som er i fokus? For at den visjonen skal bli ein realitet må vi lære framtida, barna våre, å ta vare på miljøet og ressursane.

Det haldningsskapande arbeidet er difor ein av SSR sine viktigaste oppgåver. Vi ønskjer å arbeide strukturert og langsiktig slik at vi kan vere med å skape ein generasjon som har kjeldesortering "under huda" og som har eit bevisst forhold til ressursane som finst i avfallet og korleis dei kan bidra til å ta vare på miljøet på ein god måte.

Som ledd i denne målsettinga har SSR laga eit opplegg for 4. klassingane. Alle barneskulane i SSR -kommunane fekk tilbod om å få besøk av SSR hausten 2012. Temaet for besøket var sjølvsagt sortering, resirkulering og det å ta vare på miljøet vårt.

Ulstein, Hasund, Haddal, Gjerdsvika, Moltu og Bergsøy-Blåhaugen takka ja til besøk av oss. Det er utrolig kjekt å kome ut å snakke med ungane og sjå engasjementet deira for avfall og miljøet vårt. Det viser seg at mange er veldig flinke til å sortere avfallet!

I samband med strandryddeaksjonen fekk alle barneskulane tilbod om å få besøk av SSR der temaet var marint avfall og strandrydding. Bigset, Gursken, Hjørungavåg og Hareid skule ønska besøk og engasjementet var stort for alle dei fuglane og dyra som blir sjuke og døyr pga søppel i havet.

Hausten 2012 lanserte SSR ny nettside. For å nå ut til den oppveksande generasjonen har vi laga ei eiga side for barn og unge. Her kan ein finne lenker til miljøspel, filmar og videoar som handlar om miljø. Det er også ei eiga side med informasjon til lærarane. I samband med lansering av nettsida var SSR på besøk på Haddal skule og Stokksund skule. Les meir på www.reinhaldsverket.no/barn-og-unge

Vi vil takke alle skulane vi har besøkt i 2012 for eit godt samarbeid!



**10 barneskular og ca 180 4. klassingar har fått besøk av SSR i løpet av 2012**








Kan noko av stålet i skipet ha vore ein grasklippar skal tru?

Mellom 40 og 50% av metallproduksjonen i Europa kjem frå resirkulert materiale.

# Avfallshierarkiet

Avfallshierarkiet er ein illustrasjon av dei nasjonale måla for avfall. Det viktigaste målet i samband med avfall er avfallsreduksjon. Vi skal arbeide for å minimere mengda avfall. SSR arbeider med dette gjennom informasjon og haldningskapande arbeid. Å lukkast med å redusere avfallet er utfordrande fordi utviklinga i samfunnet med økonomisk vekst og rask utvikling på mange område fører til høgt forbruk og store mengder avfall.

Som eit eksempel kasta vi nesten ikkje mat på 60-tallet, medan kvar enkelt av oss i dag i gjennomsnitt kastar over 50 kg mat per år. Det tilsvarar 25% av all maten som blir omsatt per år. NHO, dagligvarehandelen og næringsmiddelindustrien har på eiga initiativ bestemt seg for å redusere matsvinnet med 25 prosent innan 2015. Dette prosjektet har fått namnet ForMat, og har brei offentleg støtte.

Når det gjeld ombruk er det private aktørar som er engasjert i dette. UFF har plassert ut containere som tek imot kle og sko. Det er også bruktbutikkar i dei ulike kommunane som tek imot brukte ting.

Til høgre ser du ein illustrasjon av fordelinga av avfallet som SSR samlar inn med utgangspunkt i avfallspyramiden.




## SAMANHENG MELLOM HUSHALDNINGAVFALL OG BEHANDLINGSMÅTAR

**MATERIALGJENVINNING**

| | |
|---|---|
| Plastemballasje | 121 tonn |
| Glas og metall-emballasje | 297 tonn |
| Metall | 219 tonn |
| Farleg avfall | 76 tonn |
| Grein og hageavfall | 5000 tonn |
| EE-avfall | 126 tonn |
| Papp, papir, kartong og drikkekartong (inneheld også mykje plast) | 1421 tonn |

**60%**
**7259 tonn**

**ENERGIGJENVINNING**

| | |
|---|---|
| Treverk | 303 tonn |
| Restavfall | 3657 tonn |
| Grovavfall | 702 tonn |
| | 4662 tonn |

**39%**
**4662 tonn**

**DEPONI**

**1%**
**101 tonn**

**OMBRUK**

**0%**

# KG avfall per innbyggjar 2012




2011
457 kg

| HANDSAMING AV AVFALL TAL I TONN | 2012 | TYPE GJENVINNING | | LEVERT TIL | BRUKT TIL (DØME) |
|---|---|---|---|---|---|
| Papir, papp, drikkekartong | 1421 | Material | | Rekom/Norsk gjenvinning | Avispapir/emballasje |
| EE-avfall | 126 | Material | | El-retur/ERP/Renas | Metall/plastprodukt/energigjenvinning |
| Plast | 121 | Material | | Grønt Punkt | Plastprodukt |
| Glas og metallemballasje | 297 | Material | | Syklus | Emballasje/isolasjon/metall/glas |
| Metall | 219 | Material | | Div. metallreturfirma | Metall |
| Farleg avfall | 76 | Destruksjon/energi | | Diverse Firma | Energigjenvinning/glas/metall |
| Grein og hageavfall | 5000 | Kompost | | Eigenregi | Toppdekke deponi |
| **Til materialgjenvinning totalt** | **7260** | | | | |
| Treverk | 303 | Energigjenvinning | | Tafjord Kraftvarme | Fjernvarme/elektrisitet |
| Restavfall | 3657 | Energigjenvinning | | Tafjord Kraftvarme | Fjernvarme/elektrisitet |
| Grovavfall | 702 | Energigjenvinning | | Tafjord Kraftvarme | Fjernvarme/elektrisitet |
| **Til energigjenvinning totalt** | **4662** | | | | |
| Deponi | **101** | Deponi/energi | | Franzefoss | Deponi |
| **Hushaldningsavfall totalt** | **12023** | | | | |

# EIGARMELDING 2012

**BAKGRUNN OG FORMÅL MED EIGARMELDINGA**

**1.1 Styringsdokument.**
Styret legg til grunn tre sentrale styrande dokument for arbeidet sitt:
- Selskapsavtale
- Eigarstrategi
- Selskapsstrategi

Eigarmeldinga skal behandlast av representantskapet og framleggast for eigarkommunane saman med årsrekneskapet.

Meldinga skal rapportere i forhold til gjeldande eigarstrategi og selskapsstrategi, og gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

**OPPFØLGING AV MÅL FOR 2012**
**2.1 Generelt om SSR sine mål**
SSR sin visjon, slik den er vedtatt i strategisk plan for 2011 – 2014, er

**«Framtidsretta miljøbedrift – til å være stolt av».**

Strategisk plan slår fast at SSR skal bidra til at husstandane i eigarkommunane har ein nær ein mellom dei beste i landet på kjeldesortering og med det bidra til at dei fire eigarkommunane når miljø- og klimamåla sine. SSR skal tilby ein renovasjonsteneste som møter miljøkrav, er kostnadseffektiv og brukarvennleg.

**2.2 Resultatmål**
Basert på dette er det definert resultatmål innanfor følgjande område:
- Innsamla mengde avfall.
- Mengde til energigjenvinning.
- Mengde til materialgjenvinning.
- Kundetilfredsheit.
- Mengde til deponering.

I tillegg skal selskapet:
- Ha ei synleg og aktiv rolle som samfunnsaktør.
- Bidra til at kommunane når klimamåla sine.
- Levere ei kostnadseffektiv teneste til konkurransedyktige prisar.
- Sørge for auka kundetilfredsheit gjennom konkrete tiltak.

**2.3 Faktisk måloppnåing:**
Avfallsmengder og gjenvinningsgrader.:

| Fraksjon: | Mål 2012: | Reelle tal for 2012: | Målet nådd: | Reelle tal for 2011: | Endring frå 2011: | Mål for 2013: |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Volum/vekt til energigjenvinning – grønedunken | 4000 t | 3600 t | Ja | 4100 t | - 12,2 %z | 3800 t |
| Energigjenvinningsgrad for grønedunken (av total mengde hushaldningsavfall minus hageavfall) | 50% | 51% | Ja | 49% | + 2 % | 52 % |
| Materialgjenvinningsgrad (av total mengde hushaldningsavfall minus hageavfall) | - | 21 % | - | 20 % | + 1 % | 25 % |
| Til deponi (av total mengde hushaldningsavfall minus hageavfall) | 2 % | 1,44 % | Ja | 0,2 % | + 1,24 % | 2 % |
| Farleg avfall / spesialavfall per innbyggar * | - | 3 kg | - | 2 kg | + 50 % | 3 kg |
| Kundetilfredsheit ** | 64 % | 62 % | Nei | 63 % | - 1 % | 75 % |

* Farleg avfall / spesialavfall: Impregnert avfall vart rapportert som treverk i 2011, men som farleg avfall / spesialavfall i 2012.
** Målet er å auke kundetilfredsheita med minst 10 % dei næraste åra, m.a.o. må kundetilfredsheitgrada auke kvart år.

**Volum / vekt**
Måloppnåing på dette området kan vere hefta med usikkerheit på grunn av at den totale avfallsmengda i landet aukar og er forventa å auke vidare i åra som kjem.

**Energigjenvinningsgrad**
Energigjenvinningsgrada fortel om kor mange prosent av den totale avfallsmengda frå hushaldningar (minus hageavfallet) som SSR handterer som går til energigjenvinning via grønedunken e.l. Når volumet på andre fraksjonar aukar, kan energigjenvinningsgrada minke sjølv om volumet der skulle vere uendra.

**Materialgjenvinningsgrad**
Materialgjenvinningsgrada fortel om kor mange prosent av den totale avfallsmengda frå hushaldningar (minus hageavfallet) som SSR handterer som går til materialgjenvinning. På same måte som for energigjenvinningsgrada kan også materialgjenvinningsgrada bli endra når volumet på andre fraksjonar blir endra. Eksempel på fraksjonar som går til materialgjenvinning er papp, papir, drikkekartongar, plast, metall og glasemballasje.

**Kundetilfredshet**
Når det gjeld målinga av kundetilfredsheit var 2011 det første året. Det er sett i verk ymse tiltak og målet er at prosenten for kundetilfredsheit skal opp minst 10 % dei komande åra. I 2012 kom ein reduksjon på 1 %. Gjennom kundetilfredsheitsundersøkinga kom det fram at ein vesentleg del av årsaka til reduksjonen er endring av hentefrekvensen på grønedunken.

**2.4 Avfallshierarkiet**
Avfallshierarkiet gjenspeilar nasjonale mål i prioritert rekkefølge, med avfallsreduksjon øverst.

| Avfallsreduksjon | Ikkje samanliknbare tal |
|---|---|
| Ombruk | 0 % |
| Materialgjenvinning * | 60,4 % |
| Energigjenvinning ** | 38,8 % |
| Deponi | 0,8 % |

* Inkludert dekkmasse frå greinplassane til deponiet
** Grønedunken + treverk og usortert grovavfall
Tala ovanfor inkluderer hageavfall / avfall frå greinplassane.

**2.5 OPPSUMMERING MÅLOPPNÅING**
Ut i frå tala ser ein at ein er i rute med det som blir definert som energigjenvinning, medan ein har eit stykke igjen innanfor materialgjenvinning – dersom greinavfallet blir trekt ut frå tala. Mengda greinavfall er ganske høgt i vårt område og dette påverkar naturleg nok materialgjenvinningsgrada positivt, sidan denne fraksjonen går til materialgjenvinning. Selskapet har også eit stykke igjen til at målet for kundetilfredsheit blir nådd. Dette kan t.d. ha ein samanheng med konkrete tilhøve, t.d. endring i hentefrekvensen, og det kan også eksempelvis ha med informasjon rundt det faktiske servicetilbodet å gjere.

**3. SPESIELLE FORHOLD I 2012**
**3.1 Endring av hentefrekvens**
Selskapet innførde pr 1. januar 2012 endra hentefrekvens slik at grøndunken vart henta kvar 14. dag frå veke 2 i 2012. Bakgrunnen for vedtaket var at det ville føre til ei kostnadseffektivisering for selskapet, samt at det ville redusere utslepp frå renovasjonsbilane. I tillegg er det eit nasjonalt mål å redusere avfallsmengda. Dei abonnentane som har stort behov blir tilbode større dunk. Ordninga ser ut til å fungere tilfredsstillande. Hentefrekvensen på blådunken er ikkje endra, og innbyggarane kan fortsatt nyte godt av landets kanskje beste henteordning på papir og papp.

**3.2 Organisasjon**
Det er gjennomført enkelte mindre organisatoriske endringar i selskapet i 2012. Samstundes har det vore gjennomført ein mindre nedbemanningsprosess med bakgrunn i endringar i måten å handtere papir og papp på. Arbeidsmiljøet i selskapet har ikkje vore tilfredsstillande i 2012. Dette har samanheng med den nemnde organisasjonsendringa og med nedbemanningsprosessen. Det er iverksatt tiltak som ser ut til å hatt den rette effekten. Styret vil i 2013 vidareføre arbeidet med å forbetre arbeidsmiljøet i selskapet.

**4. PLANLAGDE ENDRINGAR**
**4.1 Hushaldningsavfall til energigjenvinning**
I strategisk plan for perioden 2011 – 2014 er det fastsett eit mål om å redusere mengda hushaldningsavfall som går til energigjenvinning.

Eit konkret tiltak for å nå dette målet er nyordninga med heimekompostering, slik at det våtorganiske avfallet kan gå til materialgjenvinning i staden for til energigjenvinning. Gjennomsnittleg blir det kasta 50 kilo mat per person kvart år i Norge. Omrekna til lokale forhold vil det seie 1200 tonn i SSR-kommunene, noko som vil seie ca 30 % av restavfallet vi får inn i grønedunken i dag. Det er med andre ord eit stort potensial i ei slik ordning – sjølv om ordninga er frivillig for abonnentane.

**4.2 Informasjon og utadretta arbeid**
Selskapet vil arbeide vidare med informasjon og utadretta arbeid – spesielt mot barn og ungdom. I dette arbeidet er det planlagt å kunne ta i mot større grupper med besøkande, som t.d. skuleklasser og barnehagar, i eigna fasilitetar.

**4.3 Diverse forhold**
Selskapet vil også etter kvart vurdere vidare om det kan vere hensiktsmessig å vurdere 8 m3 kombicontainerar for hushaldningsabonnentar i enkelte område. Foreløpig er ikkje dette innført i området vårt, men det kan vere aktuelt. Arbeidet med omlegging og oppgradering av nye og eksisterande miljøstasjonar vil halde fram i 2013 og åra framover. Ryddeaksjonar og innføring av ruter for innhenting av grovavfall er under vurdering.
Det blir kontinuerlig jobba med å finne nedstraumsløysingar som gir dei beste løysingane med tanke på kostnadseffektivitet og miljø.

**5. DIALOG MED EIGARANE**
**5.1 Dialog med eigarane skjer i ulike formelle og uformelle fora og møter.**

**Representantskapet**
Det er halde 2 møter i representantskapet i 2012. Leiar i representantskapet i 2012 har vore Knut Erik Engh, varaordførar i Ulstein kommune.

**Andre møter**
I samband med budsjettering og andre aktuelle saker som skal utførast i kommunane, vert det etter behov halde møter med aktuelle kommunar. Frå SSR møter normalt dagleg leiar, men ved spesielle saker kan andre representantar frå administrasjonen møte så vel som frå styret.

**Kommunene sine klimaplaner**
I vurderingar av SSR sine prioriteringar og satsingsområde, er det naturleg å bruke eigarkommunene sine klimaplaner som ei rettesnor for vegen vidare. Ein har kome lengst i arbeidet med informasjonsdelen ut i frå kommunene sine tiltakslister, men også andre område er under kontinuerlig vurdering i det daglege arbeidet. Eksempel på dette er arbeidet med avfallsreduksjon, materialgjenvinning av plast, returpunkt og informasjonsmøter.

# ÅRSMELDING 2012

**SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS (SSR)**
**ORG.NR. 987 570 970**

## 1. STYRET SI SAMANSETTING

Styret har i 2012 bestått av:
- George Fulford, styreleiar
- Einar Warholm, nestleiar
- Gro Anita Engh, styremedlem
- Helga Longva Dyrhol, styremedlem
- Gry Cecilie Sydhagen, styremedlem
- Lidvin Sundgot, styremedlem (valgt av og blant dei tilsette)

Det har vore 10 styremøter og 91 saker er behandla i 2012.

## 2. OPPSUMMERING

Årets resultat er på over to millionar kroner. Styret er rimeleg tilfredse med dette resultatet.

Overskotet på hushaldning er nytta til å fjerne underskotet på sjølvkostfondet og vil såleis kome abonnentane til gode. Ved årsskiftet er dette sjølvkostfondet for første gang på mange år i pluss.

## 3. REPRESENTANTSKAP

Representantskapet består av politisk valgte representantar frå kvar av dei 4 eigarkommunane. Knut Erik Engh er leiar av representantskapet. Det har vore 2 møter i representantskapet i 2012.

## 4. EIGARFORHOLD, SELSKAPSFORM OG FORMÅL

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.

Selskapet skal oppfylle kommunane sine plikter knytta til hushaldningsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. Dette inneber at SSR skal ivareta dei praktiske oppgåvene rundt avfallshandtering og slam som kommunane er pålagde i forureiningslova. SSR skal bidra til å bevare eit fysisk miljø i regionen som er reint og helsemessig forsvarleg, og som oppfyller kommunane sine plikter knytt til avfall etter forureiningslova.

SSR utøver si verksemd med utgangspunkt i Saunesmarka i Ulstein kommune, men utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av avfall over heile området.

Det er utarbeidd ein strategisk plan og ein eigarstrategi for selskapet. Styret meiner at desse styringsdokumenta gir grunnlag for auka forståing og gjer selskapet si verksemd meir føreseieleg. Selskapet sine strategiske mål er mellom anna knytta til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit.

Selskapet sin visjon er "Framtidsretta miljøbedrift – til å vere stolt av".

Selskapet sine strategiske mål er:

- Selskapet skal stå for miljøretta innsamling, transport og sortering av avfall frå hushaldningar. Det omfattar mottak, sortering og gjenvinning av avfall.
- Selskapet skal forvalte enkle og kvalitetsmessig tilfredsstillande løysingar for abonnentane.
- Selskapet skal søke å realisere eigarane sine miljømål og klimaplaner ved at verksemda er basert på avfallsførebygging i høve til avfallshierarkiet.
- Selskapet skal realisere eit brukarvennleg avfallssystem.
- Selskapet skal vere ein synleg samfunnsaktør som gjennom kommunikasjon skal vere ein tydeleg haldningsskapar i avfalls-, miljø- og klimarelaterte spørsmål i eigarkommunene.

## 5. SELSKAPET SI VERKSEMD I 2012

I dei 4 eigarkommunane er det over 24000 innbyggjarar, godt over 9000 privatabonnentar, 37 returpunkt for glas- og metall, 3 miljøstasjonar og 3 greinplassar.

SSR syter sjølv for produksjon av tenestene og har bygd opp eit renovasjonstilbod til husstandane. Dette er selskapet si kjerneverksemd. Ansvaret for renovasjon omfattar innsamling, transport og avsetning av hushaldningsavfall i eigarkommunane frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar.

Selskapet sitt tilbod omfattar også innsamling, transport og avsetning av næringsavfall i avgrensa omfang. Selskapet driv denne verksemda primært fordi denne tenesta inneber ein gunstig påverknad på selskapet si verksemd. Dette medfører lågare priser for tenestene, ikkje minst på grunnlag av meir effektiv bruk av selskapet sine driftsmiddel.

Styret har i 2012 vidareført arbeidet med å forbetre og trygge selskapet si kjerneverksemd. Det omfattar både selskapet sin organisasjon, forholdet til selskapet sine eigarar samt selskapet sitt omdøme generelt.

Selskapet innførde pr. 1. januar 2012 endra hentefrekvens, slik at grøndunken blir henta kvar 14. dag. Årsaka til dette var primært eit ønske om å redusere kostnadar, miljøomsyn og for å nå nasjonale mål om avfallsreduksjon. Så langt ser det ut til at omlegginga har gått som forventa.

## 6. FØRESETNAD FOR VIDARE DRIFT

Føresetnaden for vidare drift er til stades og årsrekneskapen for 2012 er satt opp under denne føresetnaden.

Omfanget av næringskundar omfattar etter styret si vurdering ingen økonomisk risiko av betydning.

Rekneskapsføring knytta til næringskundar vert halde åtskilt frå sjølvkostrekneskapen for hushaldningkundar. Det same gjeld for den delen som handlar om slamtøming.

## 7. ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Selskapet sysselsette i 2012 29 årsverk. Dette er fordelt på 24 fast tilsette og vikariat for å dekke opp for sjukdom, ferie og anna fråver. I desse tala ligg det også inntak av ein del midlertidig arbeidskraft på grunn av store avfallsmengder, ferieavvikling, etc. Den daglege drifta er underlagt dagleg leiar Einar Heimdal.

Det har i 2012 blitt gjennomført ei mindre nedbemanning i bedrifta. Arbeidsmiljøet har mellom anna på grunn av dette ikkje vore tilfredsstillande i 2012. Styret har i 2012 lagt vekt på arbeidet med å forbetre arbeidsmiljøet i selskapet og iverksett fleire tiltak. Dette omfattar mellom anna organisatoriske endringar. Styret meiner at desse tiltaka har hatt føresett verknad. Det vil i løpet av sommaren bli påbegynt ei klimaundersøking i bedrifta. Denne igjen vil kunne danne grunnlag for eventuelle ytterlegare tiltak for forbetring av arbeidsmiljøet. Arbeidsmiljøet er eit prioritert område for styret i 2013.

SSR kjøper bedriftshelseteneste hos Hjelp 24 Bedriftshelsetjeneste AS. Desse er involvert i arbeidet med endringar og forbetringar saman med og i dialog med leiinga og tillitsvalde/verneombod.

Totalt sjukefråver utgjer 9,56 %. 2,45 % er korttidsfråver. Lite av sjukefråveret har direkte samanheng med verksemda, bortsett frå slitasjeskader. SSR har i 2012 ikkje hatt alvorlege personskader knytta til selskapet si verksemd. Styret har iverksatt tiltak for å redusere sjukefråveret.

Selskapet arbeider kontinuerleg med kompetanseutvikling av selskapet sine medarbeidarar. Selskapet arbeidar for likestilling mellom kjønna og det praktiserast lik lønn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine 6 medlemmer er 3 kvinner. Av selskapet sine 4 medlemmer av leiargruppa er 2 kvinner. Det er ei målsetting at det skal vere full likestilling mellom kvinner og menn i SSR. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt ute på bilane, og dette har ført til at delen kvinner ikkje er så stor som ein kunne ønske. Styret ønskjer å auke kvinneandelen også på innhentingsdelen.

Det er ikkje satt i verk spesielle tiltak i samband med likestilling.

## 8. YTRE MILJØ OG MILJØRAPPORTERING

Kontordrifta forureinar ikkje det ytre miljø.

Som ansvarleg for å levere renovasjonstenester til over 9000 husstandar er det eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. SSR søkjer gode og rasjonelle transportløysingar. Selskapet prøver å legge opp gode og rasjonelle transportløysingar der miljøomsyn er tillagt stor vekt.

Sluttbehandling av den totale innsamla avfallsmengda skjer på ein miljømessig forsvarleg måte, og etter gjeldande lover og reglar på området.

Gjennom aktivt å søke å realisere dei miljømåla som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemd, mellom anna ved systematisk å vidareutvikle ei moderne ordning for kjeldesortering, meiner styret at gjeldande krav til miljø og forureining er tatt hand om.

## 9. ÅRSREKNESKAP OG FINANSIELL RISIKO

